



Referat frå FAU-møte 03.10.2019

Dette møtet var eit fellesmøte for «gamle» og «nye» FAU.

Rektor ønska velkomen og orienterte kort om korleis FAU arbeider, og at dette første møtet er eit konstitueringsmøte. Representantane blir valde for 2 år, men likevel slik at berre halvparten av utvalet blir byta ut kvart år. Dette for å få kontinuitet i utvalet.

Rektor er ikkje medlem av FAU, men møter dersom FAU ønskjer det. Det gav FAU uttrykk for at dei ønska.

Sakliste:

Sak 1 19-20 Informasjon om arbeidet i FAU (Foreldra sitt Arbeids-Utval) v/ rektor og leiar 2018-19, Øyvind Opstad

Øyvind orienterte litt om dei sakene FAU har arbeidd mykje med dei siste åra. Det har dreidd seg mykje om elevtalsproblematikk for Rosseland sin del. Vidare har det vore fokus på uteområdet i samband med etableringa av D-bygget. FAU har òg eit særleg fokus på trafikksikringstiltak, og arrangerer kvar haust ein refleksaksjon.

Sak 2 19-20 Orientering om økonomi

FAU får sine inntekter frå 17.mai-arrangementet kvart år. Foreldra på 6.trinn gjennomfører arrangementet reint praktisk. FAU gir tilskot til følgjande:

- Betalar årskontingenten fro Trivselsleiarprogrammet
- Gir tilskot til avslutningsfesten på 7.trinn
- Arrangerer temakveld om nettvett for 3. og 4.trinn annakvart år.
- Kan git tilskot til andre arrangement etter søknad

Sak 3 19-20 Konstituering; val av leiar, nestleiar, sekretær og kasserar

Leiar: Marte Ødegaard Sørmarken blei vald

Nestleiar: Andrine Nesse blei vald

Sekretær: Beate Kyllingstad Kvia blei vald

Kasserar: Nina Palm Brenden blei vald

Sak 4 19-20 Val av representantar til samarbeidsutvalet (SU), skulemiljøutvalet (SMU) og kommunalt foreldreutval (KFU)

SU: Marte Ø. Sørmarken og Andrine Nesse blei valde. Vara: Guro Halvorseth Time og Marte Hagerup Røken

SMU: Marte Ø. Sørmarken, Andrine Nesse, Guro H. Time og Marte H. Røken blei valde.

Vara: Nina P. Brenden og Beate K. Kvia.

KFU: Marte Ø. Sørmarken blei vald. Vara: Andrine Nesse

Sak 5 19-20 Kort om oppstarten av skuleåret v/ rektor

Skuleåret har starta på ein god måte

Skulen er nøgd med tilsetjinga av fleire nye dyktige medarbeidarar

Det er ein positiv stemning på skulen sett frå rektor si side.

Sak 6 19-20 Skulen sin trafikkplan og ev. «Trafikk-aksjon» hausten 2019

Dette blir hovudsak på neste møte. Aksjonen blir i månadsskiftet november/desember.

Sak 7 19-20 17.mai - arrangementet. Viktige ting å hugsa på. (td Brannvern)

Dette er ei sak me kjem tilbake til. Rektor informerte kort om nylig gjennomført branntilsyn, med fokus på kor mange personar kvart rom er godkjent for. Kantina i D-bygget har er eit stort og godt lokale, som er blitt nytta ved 17.mai-arrangementet dei to siste åra.

Sak 8 19-20 Solidaritetsaksjonen 2019

Dette året har skulen bestemt seg for å delta på «Skolejoggen 2019», som er ein aksjon til inntekt for SOS Barnebyer. Dato for aksjonen er fredag 25.oktober. Målet er å samla inn 50 000 kroner til dette viktige formålet

Sak 9 19-20 Eventuelt

Rektor orienterte om at han kjem til å gjennomføra del 2 av Utviklingspermisjonen sin no i haust. Det betyr at han blir borte i november og desember. Kristin Vikan Erland er fungerande rektor i perioden.

Referent
Geir Soma
rektor